



Lorden forbi Skorpo i ettermiddag

Den britiske sjøhelten Lord Nelson står ikkje berre på ein høg søyle i heimlandet. I ettermiddag passerte han Uskedalen på det ein kan kalle ein sjarmøretappe undervegs til The Tall Ships Race. Han sigla gjennom Storsundet og det var ein fredeleg tur utan fiendar på noko hald. Denne utgåva av lorden er eit skip i a-klassa bygd i 1985. Ho er 50 meter lang og riggen er barque 3, står det å lesa i presentasjonen.

Lorden tok det med ro gjennom sundet, for førebels har ikkje tevlinga starta. Laurdag kjem dei staselege skipa til Kristiansand. Det er 83 skuter med denne gongen!

Tekst, foto og nett. Ola Matti Mathisen